

Kjelen, H. (2026). Representasjon av ruralitet og urbanitet i tekstsamlingar for norskfaget. I W. Sørmo, K. Ström, A. B. Jarvoll, G. Pettersson & O. Knutsen (Red.), *Perspektiver fra rurale utdanningslandskap* (s. 221–246). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa840509>

9

## **Representasjon av ruralitet og urbanitet i tekstsamlingar for norskfaget**

Hallvard Kjelen

**Samandrag:** Dette kapittelet undersøker korleis urbane og rurale miljø er representerte i litterære tekstar i tekstsamlingar for ungdomsskulens norskfag. Ei kartlegging av litterære tekstar i tre mykje brukte tekstsamlingar viser at både rurale og urbane settingar er med i nokolunde likt omfang. Eit sentralt funn er at staden, uavhengig om det er snakk om by eller land, overvegande er framstilt som *problematisk*. Det er få døme i materialet på at forholdet mellom stad og menneske blir framstilt som harmonisk. I nesten alle tekstar der staden, eller settinga, er eit sentralt motiv, er forholdet mellom karakterar og stad konfliktfylt på ein eller annan måte. Berre nokre få tekstar viser fram andre typar stad/menneske-relasjonar, der forholdet er prega av resonans eller harmoni.

*Nøkkelord:* Kulturell representasjon, urban etos, idyll, tekstsamlingar for skulen

**Abstract:** This chapter examines how urban and rural environments are represented in literary texts in text collections for the Norwegian subject in secondary schools. A survey of literary texts in three widely used text collections shows that both rural and urban settings are included to a roughly equal extent. A key finding is that the place, regardless of whether it is a city or a rural area, is predominantly portrayed as *problematic*. There are few examples in the material of the relationship between place and person being portrayed as harmonious. In almost all texts where the place, or the setting, is a central motif, the relationship between characters and place is conflicted in one way or another. Only a few texts show other types of place/person relationships, where the relationship is characterized by resonance or harmony.

*Keywords:* Cultural representation, urban ethos, idyll, text collections for school

## Innleiing

### Tekstars stadskapande kraft

Føremålet med dette kapittelet er å undersøke korleis ulike stadar – både rurale og urbane – er representerte i litterære tekstar i eit utval tekstsamlingar for ungdomstrinnets norskfag. Kulturelle representasjonar som film, TV-seriar og litterære framstillingar kan både vere med på å danne og styrke, men òg utfordre og leike med stadstereotypiar. I mange høve kan kulturelle representasjonar gje så sterke bilete av stadar at ein kan tru ein kjenner staden utan å ha vore der, jamfør Buell (2005, s. 72). Dette gjeld i særleg grad Hollywood-lokasjonar, ofte amerikanske storbyar, men òg landsbygda i Midtvesten, sørstatssmåbyen og liknande. I norsk og nordisk samanheng er til dømes landsdelsstereotypiar, men òg førestillingar om ei meir generalisert «bygd», skapt, vedlikehaldne og utfordra i kulturelle uttrykk. TV-seriar for ungdom som *Skam* og *Rådebank* er døme på tekstar med eit primærpublikum av ungdom, som teiknar sterke bilete av bymiljø og bygdemiljø. For ungdom som veks opp og går på skule i rurale område, er kulturelle bilete av bygda opplagt viktige for deira sjølvforståing og identitetsutvikling. Framstillingar av stad i tekstar – i vid forstand – og ikkje minst i læreverk, er følgjeleg eit tema verdt å undersøkje i denne samanhengen.

Søk i scup.no, Oria.no og ERIC<sup>1</sup> gav eit par treff som kan relaterast til temaet representasjon av ruralitet og/eller urbanitet i litterære tekstar eller tekstmaterieell for skulen (Betsas, Avgitidou & Tsiompanou, 2021; Bertolino & Perazzonne, 2021), men kartleggingar av stadrepresentasjonar i tekstsamlingar for *norskfaget* er, så vidt eg kan sjå, ikkje gjort tidlegare. Betsas, Avgitidou og Tsiompanou (2021) undersøkte framstillingar av barndom i greske tekstbøker i lys av omgrepa ruralitet og urbanitet over ein lengre historisk periode. Forfattarane fann at framstillingane historisk sett har gått frå å gje eit bilete av ein rural barndom – ein barndom som i stor grad kan oppfattast som ei førebuing til vaksenlivet – til å oftare portrettere urbane, meir fristilte barn med større grad av agens. Bertolino & Perazzone (2021) kartla korleis garden

---

1 Eg brukte ulike kombinasjonar av søkeorda *urban(itet)*, *rural(itet)*, *antologi/tekstsamling*, *læremiddel* og *representasjon* på norsk og engelsk. Ein større, systematisk review eller ein scoping review ville truleg avdekt fleire forskingsarbeid. Ein tilsvarande studie innanfor norskfaget er eg likevel nokså sikker på ikkje føreligg.

og rurale miljø blir framstilt i 60 biletbøker. Dei fann at framstillingane sjeldan var tru mot røyndommen, men at biletbøkene likevel, dersom ein handsamar materialet på ein god måte, kan ha ein pedagogisk verdi.

Lærebokforfattarar og forlag er i dag særers merksame på problemfeltet *mangfald* og *representasjon*. Ein kan såleis vente at representasjon av kjønn, etniske grupperingar, samfunnsklassar og liknande i lærebøker og tekstsamlingar for skulen er meir balansert og mangfaldig no enn tidlegare (sjå til dømes Aamotsbakken, 2015; Askeland, 2021). Morsmålsfaget skal ikkje lenger vere eit verktøy for å bygge og styrke eit langt på veg monokulturelt og einspråkleg samfunn, men snarare vere eit verktøy i mangfaldets teneste. Dette kjem til uttrykk i oppdraget faget får gjennom læreplanformuleringar som denne:

Faget norsk skal gi elevene innsikt i den rike og mangfoldige språk- og kulturarven i Norge. Gjennom arbeid med faget norsk skal elevene bli trygge språkbrukere og bevisste på sin egen språklige og kulturelle identitet innenfor et inkluderende fellesskap der flerspråklighet blir verdsatt som en ressurs. (Udir, 2020)

Det er grunn til å tru at dei som vel tekstar til tekstsamlingar for skulen, har denne formuleringa med seg i utvalsprosessen, og at det òg kan ha hatt betydning for representasjonen av urbanitet og ruralitet i tekstudvalet. Med dette som bakgrunn går eg inn i dette arbeidet med ei viss forventning om å finne mangfald i materialet. Samstundes er det slik at visse topoi, altså *stadar* i retorisk forstand, er vanskelege å unngå. Den idylliske, men stillestående bygda og den dynamiske byen er litterære topoi med lang historie i norsk litteratur så vel som i andre nasjonars litteratur (Brumo, 2024; Williams, 1973). Eg forventar difor å finne tekstar som til dømes bygger opp under ein *urban etos* (til dømes Bæck, 2004), altså tekstar som framstiller byen som staden der «det skjer», kva no «det» måtte vere, og ein stad ein ønskjer å reise til, medan bygda til dømes kan fungere som tilfluktsstad eller stad for barn og unges frie utfolding (i idylliserande tekstar), eller ein stad ein bør komme seg vekk frå (i problematiserande tekstar). Kan det vere slik at tekstudvalet i skulen er prega av ein form for metrosentrisme? Om ein går til utdannings sosiologisk forskning, er det funn som tydar på at sjølve utdannings systemet har visse ibuande metrosentriske trekk, og til ein viss grad kan skuldast for å vere *stadblindt* (til dømes Lødding & Paulgaard, 2019). Ein kan neppe gå ut frå at

tekstar i tekstsamlingar for skulen på nokon måte er *avgjerande* for born og unges utvikling av førestillingar om stad – her er nok kulturelle uttrykk utanfor skulekonteksten viktigare – men det er klart at tekstsamlinga kan vere den einaste staden born møter tekstar av ein viss type. Vi veit til dømes at mange born og unge ikkje les romanar, noveller eller dikt utanfor skulen. Å finne ut kva representasjonar av stadar som finst i tekstantologiar for skulen, kan derfor gje informasjon om kva slags litterære førestillingar om stad, stadskaping og stadtilknytning det er sannsynleg at ungdom i Noreg i det heile møter.

I sosiologen Hartmut Rosas analyse er oppfatninga av rom og stad som unike storleikar under press:

Det ser ut til at rommet så å si trekker seg sammen og i den senmoderne verden mister sin relevans for orienteringen. Prosesser og utviklinger er ikke lenger stedbundne, og enkeltlokalitetene blir «ikke-steder» – uten historie, identitet eller forbindelse. (Rosa, 2024a, s. 29)

Dersom denne samtidsanalysen er rett, kan ein argumentere for at ei vending mot staden i utdanning og undervisning kan vere eit mottrekk mot denne oppløysinga av stadars individuelle eksistens og fleirdimensjonalitet. Korleis stadar er representerte i dei kulturuttrykka elevar møter i skulen, og ikkje minst i norskfaget, er såleis eit felt det er grunn til å undersøke nærmare, nettopp i lys av Rosas diagnose.

Her ønskjer eg derfor å undersøke følgjande:

*Kva kjenneteiknar representasjonar av ruralitet og urbanitet i litterære tekstar i mykje brukte tekstsamlingar for ungdomstrinnet?*

## **Representasjon, identitet og danning**

Norskfaget er eksplisitt etablert som eit fag der identitetsutvikling er ein del av fagets føremål, jamfør sitatet frå læreplanen i avsnittet over. Dette bringer faget, fagets representantar – norsklærarane – og fagets tekstar inn i det

minefeltet vi kallar *identitetspolitikk*. Her er det ikkje rom for å gå grundig inn i problemstillinga (sjå til dømes Hverven, 2024, s. 318–331 for ei lettlesne filosofisk innføring i omgrepet). Spørsmålet om ein litterær kanon og kulturell representasjon er ein potensiell floke for både forlag, lærebokforfattarar og lærarar i skulen. Kven sine forteljingar skal forteljast? Kva skal vi gjere med klassiske eldre tekstar som formidlar rein rasisme eller sexismen? Skal vi til dømes moralisere over eller relativisere August Strindbergs forkastelege kvinnesyn? (Öhrberg, 2020) Om ein berre kikkar på læreplanen, er det lett å sjå at ein freistar å balansere mellom eit representativt mangfald og ein tradisjonell norsk kulturarv. Dette skjer mellom anna ved å insistere på at den norske kulturarven *i seg sjølv* er mangfaldig og ikkje monolittisk. Slik legg læreplanen opp til at det skal vere mogleg å finne igjen noko av seg sjølv i det faglege innhaldet, og formuleringane i planen legg vekt på at mangfald er ein verdi i seg sjølv. Problemet om representasjon er dermed ikkje løyst ein gong for alle. Det er kort sagt for mange ulike undergrupper i det norske samfunnet til at alle skal kunne oppnå representasjon i tekstsamlingane for norskfaget. Standpunktet «alle skal med» er uansett ikkje ein farbar veg (sjå til dømes Kjelen & Moen, 2024; Myren-Svelstad, 2020; Nussbaum, 2016). Resultatet kunne bli fragmentering, og faget kunne ende opp med å nøre opp under identitetspolitikken sine meir uheldige sider: Førestillingar om at visse erfaringar er eksklusive for bestemte grupper, og at eigentleg forståing på tvers av grupper ikkje er mogleg. Eit slikt utgangspunkt slår beina under det dannelsesarbeidet som litteraturundervisninga i skulen kan vere eit bidrag til (t.d. Nussbaum, 1995, 1997, 2016). At anerkjenning av gruppeidentitetar ikkje skal komme i vegen for bygging av fellesskap, er nedfelt som prinsipp i den overordna delen av læreplanen:

Skolen skal støtte utviklinga av den enkeltes identitet, gjøre elevene trygge på eget ståsted, samtidig som den skal formidle felles verdier som trengs for å møte og delta i mangfoldet, og åpne dører mot verden og framtida. (Udir, 2020)

I eit dannelsesperspektiv er det nettopp møtet med *det framande* som ber det største potensialet for identitetsutvikling og personleg vekst (til dømes Løvlie, 1999). Mange litteraturdidaktikarar argumenterer derfor for at òg

vanskeleg tilgjengelege, framandarta tekstar bør vere ein sentral del av fagets tekstrepertoar (til dømes Johansen, 2015, 2019).

Utvalsspørsmålet er aktuelt òg i samband med stad, geografisk representasjon, som altså er tema for dette kapitlet. Når forståing på tvers av grupper, etnisitetar, geografiske og sosiale skiljelinjer er det ein bør streve mot innanfor rammene til identitetsfaget norsk, kan ein ikkje krevje at alle landsdelar og samfunnstypar skal vere representerte på positive måtar. Men dersom det er slik at tekstutvalet er meir eller mindre blind for geografiske forskjellar, eller eigna til å bidra til stigmatisering eller styrking av stereotypiar, kan det vere grunn til å stoppe opp og undersøke dette nærmare.

## Representasjon og lokalt læreplanarbeid?

Fagfornyinga av 2020 opnar for lokalt læreplanarbeid, og den nasjonale læreplanen er framleis i høg grad orientert mot ferdigheiter, ikkje mot innhald. Det vil seie at både individuelle lærarar og lærarkollegium formelt sett står særst fritt til å velje det konkrete faglege *innhaldet*. I planen for norskfaget blir til dømes, i motsetnad til i L97, ingen forfattarnamn nemnde. Vi veit at lærarar av ulike grunnar i liten grad brukar det lokale handlingsrommet som finst (Rød & Bæck, 2020; Støren, 2022), men i stor grad lener seg på vala som forfattarar av læreverk har teke. Handlingsrommet *kan* i norskfaget konkret brukast slik at lokal litteratur, lokale variantar av segner og eventyr osb. blir tekne inn. Føremålet kunne då til dømes vere å skape større medvit om samanhengane mellom lokal, nasjonal og internasjonal kultur og etablere stadbaserte undervisningsopplegg. Slike lokale tilpassingar er sjølvstekt tidkrevjande, og dei krev òg at læraren har ein høg grad av lokalkunnskap og *stadmedvit* (til dømes Corbett, 2010; White & Reid, 2008). Støren (2022) finn at styringsdokumenta knytt til innføringa av fagfornyinga gjev få føringar til korleis skulene kan «... utvikle læreplanverket lokalt gjennom kreativitet, innovasjon og lokal kunnskapsproduksjon der læreplandokumentene inngår i en interaksjon med lærerne i profesjonsfelleskapet» og at styringsdokumenta kan forståast slik at «... evidens og forskning utvikles av andre utenfor profesjonsfelleskapet». I eit slikt lys må ein ha stor forståing for at lærarar og lærarkollegium ikkje legg mykje tid og ressursar i å utvikle lokale

læreplanar. I ein slik kontekst har Oslobaserte forlag og lærebokforfattarar meir eller mindre monopol på å levere innhald til skulen.

Utdanning skal ikkje først og fremst vere ei utdanning til det lokale; ho skal streve mot ein viss universalisme, og utdanning til *verdsborgarskap* bør vere ein målsetnad. Likevel kan slike målsetnader, og bør utmerkt godt, dreie seg om å setje det lokale, det nasjonale og det globale inn i meiningsfylte samanhengar. Medvit om den spesifikke staden – staden der ein bur – kan i denne samanhengen forståast som ein føresetnad for verdsborgarskap.

## **Teoretisk og metodologisk drøfting**

### **Stad og tekst**

Dette kapittelet er skriva med utgangspunkt i at litterære tekstar kan representere stad på mange ulike måtar, og at forholdet mellom tekst og stad aldri kan vere eit ein-til-ein-forhold (til dømes Piatti et al., 2014; Samoilow, 2021). Teksten gjev staden farge, brukar og etablerer staden som *eit* av fleire element i eit heilskapleg estetisk uttrykk. Litterære stadar eller litterære rom kan vere emosjonelt lada og knytte til ulike verdiar i eit litterært univers (Andersen, 2016). Reine tematiske analysar, som dei eg refererte til i forskingsgjennomgangen over, vil berre kunne gje eit nokså overflatisk bilete av korleis stadar er representerte i tekst.

Ettersom stad eller setting er eit meir eller mindre naudsynt element i narrative, dramatiske og ofte òg lyriske tekstar, kan materialet for ei slik undersøking potensielt bli omfattande. Det er derfor naudsynt med nokre avgrensingar. Det vil ikkje vere mogleg å gje ein grundig analyse av setting i alle tekstar i dei tekstsamlingane eg undersøker. Derfor har eg først skanna tekstsamlingane med utgangspunkt i følgjande spørsmål: Ser ruralitet eller urbanitet ut til å vere eit *sentralt* motiv i teksten? Altså: Kan det sjå ut som at forståing av stad og setting er avgjerande for ei forståing av teksten som heilskap? Stadnamn og miljøskildringar har då vore døme på tekststader som eg har stoppa opp ved for å gjere dette første utvalet.

Vidare har eg forsøkt å grovsortere desse tekstane ut frå om dei ser ut til å *problematisere* staden eller eventuelt *idyllisere* staden. Det seier seg sjølv at

ein slik grovkorna analyse eller kritisk gjennomgang ikkje kan gje eit utfyllande bilete. Litterære tekstar gjev sjeldan svart-kvite framstillingar, men oftare nyanserte og mangfaldige bilete av så vel karakterar som setting (jf. Samoilow & Myren-Svelstad, 2020, s. 17). Litterære tekstar er potensielt fleirstemte: Karakterar i ein litterær tekst kan til dømes i replikkar og handlingar representere noko heilt anna enn det den empiriske forfattaren står for. Når det gjeld landskapskildringar heilt spesifikt, kan desse fylle ein særskild funksjon i verket som heilskap, til dømes å forsterke kjenslene til karakterane i teksten eller skape ein naudsynt dramatisk kontrast. Vidare kan tekstar *ironisere* over haldningar som sentrale karakterar i det fiktive universet representerer. Å komme fram til eit nokolunde sikkert bod på *tekstnorm* – eller med eit noko meir problematisk omgrep, *bodskap* – krev derfor grundige komposisjonsanalysar, narratologiske og/eller retoriske analysar, karakteranalysar og analysar av setting, så vel som undersøkingar av aktuell kontekst (sjå til dømes Greve, 2009 for ein grundig metodologisk diskusjon). Tekstsamlingane i seg sjølve gjev ikkje alltid fyldig nok kontekst til slike undersøkingar, og dei fleste tekstsamlingane for norskfaget har òg med utdrag frå romanar. Slike utdrag er sjølv sagt umogleg å tolke heilskapleg for både lærar og elev, og utgjer såleis ei særleg hermeneutisk utfordring for elev-lesaren.

Dikotomiane urbanitet/ruralitet og problematisering/idyllisering opnar for overflatiske kategoriseringar som ikkje nødvendigvis tek omsyn til kompleksiteten i litterære tekstar. Det vil følgjeleg vere naudsynt med ei noko meir finmaska kategorisering i etterkant ut frå noko meir detaljerte analysar, men desse vil altså ikkje gjere krav på å vere uttømmande, og det er ikkje ein ambisjon å gjennomføre grundige litterære analysar av kvar einskild tekst.

Eg har gjort nokre ytterlegare avgrensingar. I tekstsamlingar er tekstane som hovudregel plasserte i ein bestemt kontekst. Vanlegvis finst det ein innleiande tekst med ein kort presentasjon av forfattaren, og det er obligatorisk med oppgåver og spørsmål knytte til teksten. Nokre tekstar har omfattande ordforklaringar eller leseinstruksar i marginen, slik ein til dømes finn i læreverket *Norsk fra Cappelen Damm*. Vidare kan tekstane vere organiserte i grupper etter tema, sjanger eller epoke. Desse paratekstane og tekstorganiseringsprinsippa blir ikkje gjenstand for grundig analyse her, men nokre stader er innramminga så påfallande at det er naudsynt å kommentere ho. Dei ulike tekstkategoriane i læreverka som fell utanfor det skjønnlitterære kan sjølv sagt òg tematisere stad på ulike måtar. Reiseskildringar er det mest opplagte, men

stad kan vere ein viktig kategori òg i mange andre teksttypar. Ei undersøking av stadleg representasjon i sakprosautvalet er eit prosjekt i seg sjølv, og fell utanfor fokuset for denne studien. Det ligg òg utanfor rammene til denne studien å undersøke korleis tekstar med tydelege urbane eller rurale motiv blir handsama i klasserommet. Korleis læraren rammar inn eller orkestrerer arbeidet med tekstar i klasserommet, er sjølvsagt avgjerande for korleis dei blir oppfatta av elevane. Ut frå eit slikt synspunkt kan ein hevde at så lenge læraren har ei kritisk innstilling til tekstutvalet som elevane blir presenterte for, kan òg tekstar som tydeleg kan fortolkast som einsidig rasistiske, sjåvinistiske eller propagandistiske nyttast som utgangspunkt for god litteraturundervisning. Det er ikkje materialet i seg sjølv som avgjer kvaliteten på undervisninga og elevanes utbytte, men lærarens didaktiske arbeid og tilrettelegging.

## Materiale

Eg har valt dei tre mykje brukte læreverka *Kontekst*, *Fabel* og *Norsk* fra Cappelen Damm som utgangspunkt for denne undersøkinga. Læreverka er bygde opp på litt ulike måtar; nokre har tekstsamlingane integrerte i lærebøkene, andre har separate tekstsamlingar. I tillegg finst nettbaserte tekst- og oppgåveressursar knytte til læreverka. I denne samanhengen har eg valt tekstsamlingane *Kontekst Tekster 3, 4 og 5* (Gyldendal), *Norsk 10* (Cappelen Damm) og *Fabel 10* (Aschehoug). Dette betyr at læreverket frå Gyldendal er representert med tekstsamlingar som skal dekke heile ungdomstrinnet, medan Aschehoug og Cappelen Damm er representerte med integrerte lærebøker som spesifikt er retta mot 10. trinn i grunnskulen. Tekstutvalet er blanda når det gjeld sjangrar og epokar, men hovudvekta ligg likevel på relativt nye tekstar, det vil seie etter 2000. Det er vidare ei viss overvekt av romanutdrag og noveller. Ikkje alle utgåvene er utjevne etter læreplanreforma som går under namnet fagfornyninga (2020). *Kontekst Tekster 3* er den eldste og er utgjeven i 2010. Med tanke på utskiftingstempoet av læremiddel i skulen, er det likevel god grunn til å tru at denne tekstsamlinga framleis er i bruk i mange klasserom. *Kontekst Tekster 5* er frå 2020, *Fabel 10* og *Norsk 10* er frå 2021.

Ut frå dette materialet er det ikkje mogleg å samanlikne korleis dei ulike forlaga har løyst spørsmålet om stadrepresentasjon. Samla sett skulle desse tekstsamlingane likevel kunne gje eit nokolunde representativt bilete av kva slags tekstar elevar i ungdomsskulen møter i litteraturundervisninga. Eg har ikkje undersøkt nettressursar eller lærarmanualar som høyrer til læreverka.

Etter ein første gjennomgang av materialet stod eg igjen med i overkant av 30 tekstar som eg så har gått vidare inn i (sjå vedlegget).

## Resultat

Under følgjer ein presentasjon og diskusjon av dei funna eg har gjort, ordna i følgjande kategoriar: *urban etos*, *rural idyll*, *komikk*, *den kalde byen* og *stadtap og heimløyse*. Kategoriane har vakse fram i arbeidet med tekstane, men som diskusjonen viser, motset mange av dei litterære tekstane seg denne kategoriseringa. Tekstar som tematiserer den kule byen (urban etos) viser oss til dømes nesten alltid òg skuggesidene av byen, den rurale idyllen blir gjerne avslørt og så vidare. I vedlegget ligg eit oversyn over tekstane som eg har analysert. Ikkje alle desse blir kommenterte, og av omsyn til plass blir omtalen av kvar tekst kort.

### Urban etos: «Bootsa er kjøpt i Bergen»

I nokre tekstar blir byen framstilt som «kul», der ulike emblem for det nye, det tidsmessige og moderne blir knytt til bylivet. Eit utdrag frå romanen *Londonstaner* av Gautam Malkani har eit fleirkulturelt miljø i London som setting for handlinga. Hovudpersonens prosjekt, slik det er presentert i rammeteksten, er å passe inn i eit spesifikt asiatiske miljø – av såkalla «desiar» – ved å adoptere ulike språklege og kulturelle markørar. Romanen hermer urban etnolekt, og ei rad slike markørar blir nemnde i utdraget, ikkje minst ulike merkenamn. Det er vanskeleg å seie ut frå dette utdraget korleis det

urbane rommet egentleg blir framstilt, men opphopinga av slangord, sjar-gong, merkevarenamn og liknande speler utvilsamt på ulike førestillingar om byen som *staden der det skjer*. Romanen som heilskap kan likevel vise seg å problematisere byen og den subkulturen som blir portrettert.<sup>2</sup>

I Ingelin Røsslands novelle «666» er ikkje staden noko særleg sentralt motiv. Det går ikkje heilt klart fram kva stad handlinga utspeler seg, men det er grunn til å tru at det dreier seg om ein mindre stad. I nokre detaljar blir «by» og «kul» kopla saman i novella. Hovudpersonen er i alle fall ytre sett ei «A4»-jente, med «fornuftige» jeans, «(...) men bootsa er nye og kjøpt i Bergen,» står det så. Her er det ikkje eingong viktig kva boots det er snakk om; berre det faktum at dei er kjøpte i Bergen kan sjå ut til å gje ei viss tyngd i det ungdomsmiljøet som blir skildra. Heller ikkje her er det rimeleg å tolke denne korte detaljen slik at teksten i seg sjølv bygger opp under ei førestilling om urban etos. Teksten viser berre fram korleis byen kan bere med seg eit visst sett av konnotasjonar som kan gje naudsynt kredibilitet i eit bestemt miljø.

Fottøy er òg eit motiv i eit utdrag frå Curtis James Jackson IIIs roman *Playground*. Handlinga i romanen går føre seg i New York, men byrommet er ikkje i fokus her. Forfattaren er òg kjend som rap-artisten 50 Cent, og han representerer derfor ein urban kultur og eit urbant uttrykk med potensiell appell til mange unge menneske. Kanskje kan ein argumentere for at valet av nettopp denne teksten er gjort for å la ei bestemt førestilling om urbanitet komme med i utvalet, og for nettopp å engasjere eit sjikt av ungdommar med særleg interesse for urban hip hop-kultur.

Byrommet som handlingane i «Gugg» av Lars Saabye Christensen går føre seg i, er skildra på ein slik måte at novella truleg gjev heilt ulike leseopplevingar avhengig av kor godt kjent ein er i Oslo. Gatenamna og namn på bygningar kjem påfallande tett i denne teksten: Majorstua, Frognerbadet, Gyldenløves gate, Briskeby, Homansbyen, Bislet, Adamstuen og mange fleire. Likeins gjer forteljaren mange detaljerte observasjonar av omgjevnadene, til dømes slik:

---

2 Det er visstnok òg tilfelle, jf. rammeteksten. Men dette kan ein ikkje avgjere ut frå utdrag-et. Dette er såleis eit døme på ei hermeneutisk sett problematisk side ved utdragslesing: Ut frå dei lausrivne delane kan ein ikkje avgjere kva som egentleg blir kommunisert. Sjå Penne, 2012.

En gjeng ungdommer med vide dongeribukser og baseballcapar bak fram, løp inn på McDonald's. En jente i treningsdrakt stod ved Majorstutrappa og solgte Klassekampen. En fyllick lå utenfor Narvesen med kinnet mot asfalten.

Stadnamna og alle detaljane gjer at lesaren legg merke til byrommet. Teksten kan dermed ikkje seiast å byggje einsidig opp omkring ein urban etos. Men nettopp det geografisk sett presise i denne forteljinga bidrar til å skape eit inntrykk av at forteljaren – og forfattaren – er djupt fortrulege med nettopp denne byen. Kanskje kan ein seie at representasjonen av Oslo, av byrommet, i denne teksten først og fremst er rik, og at denne rikdommen gjer at denne novella, og andre tekstar av forfattaren, er med på å bygge førestillingane om Oslo, både for dei som kjenner byen godt, og for dei som aldri har vore der. Det er vel liten tvil om at nettopp Oslo er setting for fleire forteljingar enn dei fleste andre stadar i norsk litteratur, og at dei kulturelle førestillingane om hovudstaden derfor er sterkare og fylldigare enn dei kulturelle førestillingane som finst om andre og mindre stader.

## Rural idyll?

Ein kunne i utgangspunktet tru at det var i tekstar og tekstutdrag som er med som døme på kulturarven at ein kunne finne skildringane av vakre landskap og harmoniske bygder. Slik er det i liten grad i dette materialet. Utdraget frå *Peer Gynt* i *Kontekst Tekster 5* er frå første akta, og settinga er 1800-talets bygdemiljø. Mellom anna i scenetilvisingane kan ein ane eit ruralt landskap som vi kan kalle pittoresk: «En elv fosser nedover, et gammelt kvernhus på den andre siden». *Peer Gynt* er elles eit godt døme på såkalla kulturarv med piggjar, og dei nasjonalromantiske førestillingane om «det norske» er ei av skyteskivene til Ibsen i dette stykket, samstundes som han lener seg tungt på kulturarv som segnstoff og eventyr. Utdraget i seg sjølv gjev elles få moglegheiter for lærar og elev til å opne opp denne problematikken, og ein kan få inntrykk av at det er med for å fylle Ibsen-kvota. I det særskorte utdraget frå *Sjur Gabriel* av Amalie Skram i *Fabel 10* er det ikkje noko rom for

idyll. Hellemyren er nettopp «så ussel å se til; at den mest liknet en utmark». Innanfor det naturalistiske programmet som Skram skreiv seg opp mot, er det den estetiske fascinasjonen for det låge, heslege og usle, uavhengig om handlinga går føre seg i eit landleg eller urbant miljø, som er viktig.

Relativt få nyare tekstar ser ut til å eksplisitt tematisere motsetnader mellom det rurale og det urbane. I staden får ein inntrykk av at mange tekstar problematiserer både den tilsynelatande landlege idyllen og den pulserande storbyen. I *Kontekst 4* finn vi eit utdrag frå romanen *Utfor* (2011) av Sunniva Relling Berg. Tekstutdraget i seg sjølv er ikkje det mest interessante her, men innramminga og den korte innleiinga til teksten set utdraget inn i ein bestemt diskurs om bygda:

Lea flytter frå byen til ei lita øy i havgapet saman med foreldra sine. I byen hadde ho eit vondt tilvære som mobbeoffer, og familien flytter til Ytsteøya for at Lea skal få ein ny start.

(Blichfeldt & Nilsen, 2014, s. 296)

I den korte introduksjonen blir det etablert ein tydeleg periferi, nemleg havgapet. Det fiktive namnet Ytsteøya plasserer òg denne staden ikkje berre i utkanten, men altså ytst. Medan byen her er det hovudpersonen må rømme frå, blir periferien ein mogleg stad for ny start. Dette prosjektet slår ikkje heilt til i romanforteljinga; den nye starten viser seg å ikkje vere så lett å få til. Forteljinga får ein berre ei lita aning om i det korte utdraget som er med i tekstsamlinga, men den korte episoden som er valt ut, er på ingen måte idyllisk. Her står hovudpersonen tvert om i ein vanskeleg lojalitetskonflikt, og livet ser ikkje ut til å ha fått ein ny og enkel start. Om ein tek ein titt i romanen, ser ein at Ytsteøya som løysing blir problematisert av hovudpersonen allereie frå starten av. Karakteren Lea er plassert inn i eit prosjekt som ikkje er hennar eige, men foreldras.

Eit utdrag frå romanen *Englefjes* av Ingelin Røssland blir ramma inn på ein liknande måte. Hovudpersonen er ein ung journalist som grev fram ubehagelege sanningar under ei tilsynelatande idyllisk overflate. Tilsvarende snur ein fisketur-idyll i Norrland om til noko heilt anna i utdraget frå *Nåjdens sång* («Den kvite reinen», *Tekster 3*) av Martin Widmark.

Nokre få andre tekstar presenterer det rurale som *verkeleg* idyll, men slike tekstar er i fåtal. Eit døme er diktet «Epilog» av Rawdna Carita Eira:

du lovet de rettferdige  
landet som flyter  
av melk og honning  
gater av gull  
og perlemorskimmer  
men jeg har  
hatt tennene gravd ned  
i nysalta laks  
tungespissen boret  
inn i dypet av muldebæret  
margbeinsfett rennende  
nedover halsen  
og ferskt bjørkeris  
dansende over ryggen  
så jeg tenker jeg blir her

Medan dei andre tekstane med samiske motiv i materialet i høg grad er problematiserande, er denne teksten nokså klart i ein annan modus. Kanskje kan vi kalle diktet ei hylling av stadlege kvalitetar særleg knytt til Sápmi eller Nord-Noreg. Dei sanselege skildringane av møtet mellom menneskekropp og naturprodukt har nesten ein erotisk undertone. Tungespissen borer seg «inn i dypet av muldebæret».

Kortteksten «Oslo og jeg er brødre» av Zahra K. Arnesen høyrer egentleg ikkje til i denne kategorien, ettersom motivet opplagt er urbant. Likevel, sidan teksten òg hevdar ein tett samanheng mellom røysta i teksten og byen Oslo, finst det ein viss likskap mellom denne og «Epilog» som det kan passe å kommentere her. Forteljaren i «Oslo og jeg er brødre» fortel om eit slektskap, og om ei utvikling frå eit forhold prega av barnleg naivitet til ei meir moden forståing av den personifiserte heimstaden: «Jeg trodde Oslo aldri kunne gjøre noe galt».

Begge desse tekstane skriv fram eit forhold mellom menneske og stad som kan skildrast ved hjelp av omgrepet «dwelling» (til dømes Garrard, 2012; Kjelen, 2022). Ordet heng etymologisk saman med det norrøne «dvelja» og moderne norsk «dvele». Omgrepet kan brukast til å skildre kulturlandskapet, eit landskap som menneska har levd i lenge, påverka og blitt påverka av over tid. Eit landskap som menneska dveler i, er i ein viss forstand ikkje noko anna eller utanfor menneska. Her er menneska heime, og menneske og natur grip

inn i kvarandre slik at du ikkje kan skilje det eine frå det andre. Omgrepet, eller denne måten å forstå menneske og landskap på, kan ha nokre problematiske sider. til dømes kan det liggje ein implisitt idealisering av urfolks naturforhold i omgrepet:

There seems little reason to question the destructiveness and, at times, genocidal racism of the Euro-American culture that opposed it. Yet the idealisation that would make Indians and other indigenous people models of ecological dwelling arguably derives primarily from the latter, not the former culture. ... The Ecological Indian is clearly a stereotype of European origin, although it provides some Indians with a source of pride and aspiration for themselves and their societies.

*(Garrard, 2012, s. 133–135)*

Det Garrard seier her, kan opplagt ha relevans for ei drøfting av framstillinga av samisk kultur og samefolkets naturforhold i tekstar som blir lesne i norsk skule.

Det kontrastfylte diktet «Hviler i en stor mildhet» av Hans Børli handlar om håpet om, eller lengselen etter, harmoni. Trass «sinnsykehus / panservogner barnemordere / kriger ...» finst det likevel noko i tilværet, og som er tilgjengeleg om ein opnar seg for det. Det kan opplevast som «en iling i selve ryggmargen / at alt liv blir lukket inne i / ei varm vennlig hulhand / og løftet varsomt / opp». Røysta i diktet prøver altså ikkje å skjule det håplause, vondskapen, om ein vil, men insisterer samtidig på at noko anna finst, og altså ikkje berre i det hinsidige slik som i barokkdiktinga.

## **Komikk: Ruralitet/urbanitet som mangel på danning**

Det finst nokre døme i materialet på tekstar der det rurale og folk på bygda blir framstilte i eit klart negativt eller einsidig komisk lys. Det klaraste dømet på dette er den klassiske Kinck-novella «Den nye kapellanen», der bebruarane

på fjellgarden blir framstilte som nokre latterlege, nysgjerrige skikkelsar med manglande danning.

I det vesle utdraget frå teikneserien *Småbruket* av Jan-Rune Bjørnson og Anders Kvåle Rue, er det den urbane «Konsulenten» som særleg blir offer for satire. Denne karikerte figuren med rektangulære briller og fippskjegg presenterer latterlege «konsulentløysingar» for småbruket, som til dømes å etablere ein ulveflokk i eit saubeite for så i neste omgang å invitere til «sjølvforsvarskurs for sauer». Han opptrer altså med openberr mangel på danning i høve til dei omgjevnadene han verkar i. Teikneserien spelar heilt openlyst på stereotype førestillingar om både ruralitet og urbanitet. Dermed kan tekstutdraget nettopp vere eigna til å skape diskusjon om slike stereotypiar, korleis dei oppstår og blir vedlikehaldne i ein kultur.

## Den kalde byen: «Alle husene var svarte»

Skildringar av den ugjestmilde og kalde byen er det mange av i litteraturhistoria. I byen kan ein på obstfeldersk vis kjenne seg framandgjort, einsam og heimlaus midt mellom alt det menneskeskapte, alle menneska og husa. I dette materialet finst det nokre tekstar som klart står i ein slik tradisjon. Utdraget frå Steffen Kvernlands teikneserieadaptasjon av Hamsuns *Sult* er eit døme, «Karens jul» av Amalie Skram og utdraget frå novella «Regn» av Torborg Nedreaas andre. Eit sitat frå denne siste novella kan stå som døme:

Alle husene var svarte. (...) Luften også var svart, røyksvart av regn. Det var ikke en eneste unge ute og lekte, men det var lyd over alt (...). Alle vinduene i alle husene liknet øyne som var uvenner med henne og ikke ville se på henne. Gatene var tomme og stivnete og øde som en ørken, men likevel beveget det seg overalt.

Den regnvåte byen, slik han blir opplevd av hovudpersonen Herdis, er først og fremst skildra som sær s uvennleg. Ho prøver å nærme seg regnet og ønskjer å «være med regnet og være venner med det», men ho lukkast ikkje i dette forsøket, for «(r)egnet lekte sin egen lek» og «en kunne ikke dyrke dets venn-

skap med noe som det var mening i og *gjøre* noe med det.» I denne teksten er det ikkje byen i seg sjølv som er uvennleg, men byen under bestemte omstende – eit kraftig regnvêr.

## Stadtap og heimløyse: «Skulle du ändå vilja vara någon annanstans än här»

I songteksten «Vestkantsvartinga» av Karpe Diem frå albumet *Fire vegger* (2008) er stad eit sentralt motiv. Stad, identitet og multietnisitet blir tett knytt saman i denne teksten. Oslo blir framstilt som ein splitta by der vestkant og austkant er som to ulike verder. Røysta i teksten fortel om erfaringar med heimlausheit og framandgjerjing både i vest og aust. Aust-vest-problematikk knytt til multietnisitet er òg motiv i eit utdrag frå romanen *Hør her'a* av Gulraiz Sharif, men på ein meir komisk-satirisk måte. Broren til eg-forteljaren har ein avvikande kjønnsidentitet, og forteljaren reflekterer over korleis dette ville vore enklare ein annan stad og i ein annan familie, medan han speler på kulturelle stereotypiar:

Men akkurat nå tenker jeg det hadde vært bedre hvis Ali hadde hett Ole, og levd på Ullevål Hageby med ekte potetforeldre. Jeg ser for meg en Petter eller en Linda sier: «Ta din tid, Ali, det haster ikke. Skynd deg langsomt, du, lille venn.»

Novella «489 mil til Aleppo» av Lars Mæhle prøver å fange opplevinga av å komme til ein stad som er heilt annleis enn den du reiste frå. Aya frå Syria kjem til Sunndalsøra saman med far og ein dement farfar. I Sunndalsøra er alt framand og nytt. Ho plottar inn Aleppo og Sunndalsøra i Google Maps, og får opp avstanden: 489 mil. Aleppo og reisa frå Aleppo blir berre fortalt om i nokre korte analepsar, medan Sunndalsøra blir langt grundigare skildra gjennom Ayas blikk. I utdraget frå den grafiske romanen *Persepolis* av Marjane Satrapi møter vi den iranske hovudpersonen medan ho bur i det framande Frankrike. I løpet av dei sidene som er tekne med i *Norsk 10* følgjer vi hovudpersonen gjennom heimlengsel og kjensla av å måtte fornekte eigen identitet og lyge for

sine nærmaste – ho er altså framandgjort på fleire måtar. På det siste oppslaget kjem ho derimot opp i ein situasjon som gjer at ho må stå opp for seg sjølv, og at vegen heim (i overført tyding) går gjennom å akseptere den ein er: «Hvis jeg ikke var tro mot meg selv, ville jeg aldri bli en del av de andre.»

Tekstsamlingane inneheld fleire tekstar med samisk perspektiv der nett-opp heimløyse og stadtap blir tematisert. I eit utdrag frå romanen *Sms frå Sopporo* møter vi samiske Agnes som bur i Stockholm, men reiser til slekt i Sopporo i Nord-Sverige. For Agnes er stad og identitet eit problem: «Vad besvärligt det var. Hemma [i Stockholm] ifrågsatte folk om hon verkligen var same och här var det likadant. Fanns det någon som accepterade henne som same?» (s. 277). Også i den korte monologen «Fornorskningsoffer»<sup>3</sup> av Siri Broch Johansen er den problematiske samiske identiteten tematisert, og koplinga mellom stad og identitet er sterkt verdiladd:

Vi stifta sameforening for ungdom. Der va det sama fra Troms og Nordland og Indre Finnmark og ... dem va så jævla overlegen, dem fra Kauto. Dem va så samisk at dem gidda ikke å ta på sæ kofta, engang.

Det å høyre til ein bestemt stad gjev identitetsmessig tyngd for nokre innanfor ei bestemt gruppe. Dei som ikkje kan knytte sin identitet til denne staden, er lågare i identitetshierarkiet, der «samiskheit» er målestokken.

I dei to dikta av Juvvå Pittja som er tekne med i *Kontekst Tekster 5*, er tapserfaringar eit sentralt tema. Samstundes kan dikta lesast som protestlyrikk, men protesten er ikkje høglydt – snarare kjem ho til uttrykk som ein trass:

Men ändå  
trots kylan  
trots mörkret  
trots ensamheten og (sic) kampen,  
hör jag den lilla rösten i mig säga  
«Om du kunde välja, skulle du ändå  
vilja vara någon annanstans än här

---

3 Denne teksten er til ein viss grad sjangeroverskridande, og kunne potensielt vorte kategorisert som sakprosa.

Sjølv om konklusjonen er den same som i Rawdna Carita Eiras dikt, som er omtala over, er utgangspunktet heilt annleis. Her er det å bli ei trasshandling, medan det hos Eira ikkje er det. Å bli på staden, bli der ein er – både konkret og i overført tyding – er ikkje nødvendigvis eit reelt val. Den «lilla rösten» som får ordet i dei to siste verselinene, presenterer ikkje flukt som ei løysing. Kampen må takast på den staden ein faktisk er.

Det er påfallande, men ikkje særleg overraskande, at stadtap og heimløyse er motiv i tekstar som omhandlar samiske forhold eller migrasjonsmiljø. I dei tekstane eg har referert til over, er stad og identitet tett samanvovne storleikar. Den konkrete stadlege heimløysa, kjensla av å vere framand, er spegla i opplevinga av individualitet: kven er eg dersom eg ikkje har ein stad der eg er heime?

## Konkluderande refleksjonar

Denne vesle gjennomgangen av teksttilfanget i nokre representative tekstsamlingar gjev ikkje grunnlag for å seie at det finst nokon geografisk skeivskap i utvalet. Utvalet er ikkje klart metrosentrisk. Ei enkel oppteljing viser at det er om lag like mange urbane og rurale settingar eller motiv i tekstutvalet. Det er heller ikkje slik at det er nokon einseitig eller gjennomgåande stereotyp framstilling av det urbane eller det rurale i tekstutvalet. Derimot er det påfallande ofte slik at staden er framstilt som *eit problem*, uavhengig av om staden er by eller landsbygd.

Stadar kan vere problematiske på fleire måtar, til dømes ved at dei viser seg å vere noko anna enn dei gjev seg ut for, eller ved at det ikkje er mogleg for karakterane å finne seg til rette på staden. Stadar er verdiladde storleikar i fleire av tekstane, og stadar kan symbolisere sosiale hierarki – til dømes aust-vest, Kautokeino – andre samiske område. *Den problematiske staden* som gjennomgåande motiv i utvalet kan seiast å spegla nokre meir grunnleggjande kulturelle straumdrag. Medan den norskfagkonstruksjonen som Inge Moslet (2009) kalla «vakkernorsken», altså norskfaget slik det sto fram på 1950-talet, framleis var prega av nasjonsbyggingstanken – noko som òg gav seg uttrykk i lesetekstane – er norskfagkonstruksjonen i dag nokså annleis. Her er ingen reine helteforteljingar, nesten ingen skildringar av *vakre* landskap osv. Tekstane

synest å vere valde ut fordi dei peiker mot eller belyser rifter i samfunnet; dei fleste er grunnleggjande problematiserande, òg når det gjeld spørsmål om identitet og stad. Særleg synleg er dette i tekstar som omhandlar samiske karakterar og karakterar med fleirkulturell bakgrunn.

Det vesle diktet «Epilog» av Rawdna Carita Eira (og til ein viss grad «Oslo og jeg er brødre») står ut som unntak i materialet. Her går menneskekropp og (stadspesifikke) omgjevnader opp i ein større heilskap. Dei heilt nære, kroppslege og sanslege erfaringane med dei produkta staden kan gje, fører dikt-eg-et fram til konklusjonen: å bli. Denne staden er ikkje eksplisitt problematisk, og i denne teksten er det ein harmonisk tilstand mellom menneske og natur som er skriven fram. «Hviler i en stor stillhet» av Hans Børli er òg eit dikt som bryt med hovudintrykket, i det det er ein tekst som peiker på at det er mogleg for menneska å oppleve ein viss resonans med omgjevnadene (jf. Rosa, 2024b).

Samla sett viser desse tekstane eit stort mangfald, og ber i seg eit potensial for mange ulike refleksjonar omkring stad og identitet. At staden i så mange av desse tekstane er presentert i eit problematiserande lys, kan danne utgangspunkt for å setje lys på tema som makt, sosial og økonomisk ulikskap, migrasjon og etnisitet, heimløyse og så bortetter. Dette er i tråd med ideala for demokratisk danning og ei utdanning med målsetnad om å utvikle elevane sin kritiske sans. Det at det er få tekstar i materialet som set lys på positiv stadtilknytning, dei positive samanhengane som kan finnast mellom menneske og landskap, er derfor ikkje særleg merkeleg. Men ein kan kanskje spørje seg om òg det harmoniske, det idylliske eller snarare det håpefulle burde ha ein *noko* større plass i norskfagets tekstutval?

Vedlegg	Ruralt motiv	Urbant motiv	Ev. kommentar
<b>Kontekst Tekster 3</b>			
‘Vestkantsvartinga’	x	x	Framandgjering, det heimlause individet
Utdrag frå Småbruket	x	x	Satirisk samansett tekst som spelar på stereotypiar
Utdrag frå Kvernlands adaptasjon av Sult		x	
Utdrag frå Sms från Soppero	x	x	Framandgjering, heimløyse
Utdrag frå Londonstaner		x	
‘Englefjes’ s. 296	x		Avslørt idyll
‘Den kvite reinen’ Utdrag frå ‘Nåjdens sång’	x		Idyllen blir broten
<b>Kontekst Tekster 4</b>			
‘666’	x		Urban etos: ‘bootsa er nye og kule og kjøpt i Bergen’
Utdrag frå Løp svartøre løp	x		Reindrif
‘Fornorskningsoffer’			Heimløyse. Stadhierarki: Kautokeino
Utdrag frå Utfor	x		Ny start i det rurale
‘Playground’		x	Urban etos
‘Den nye kapellanen’	x		Komikk, satire
<b>Kontekst Tekster 5</b>			
‘Oslo og jeg er brødre’		x	Den personifiserte staden
‘Gugg’		x	Osloforteljing
‘489 mil til Aleppo’	x	x	Heimløyse, migrasjon

Representasjon av ruralitet og urbanitet i tekstsamlingar for norskfaget

Vedlegg	Ruralt motiv	Urbant motiv	Ev. kommentar
'Stinkefisk'		x	Urbant miljø. Sosial ulikskap og utanforskap.
Utdrag frå Peer Gynt	x		Frå første akta. Mellom anna i scenetilvisingane kan ein ane eit ruralt landskap som vi kan kalle pittoresk ('En elv fosser nedover, et gammelt kvernhus på den andre siden')
Hviler i en stor mildhet	x		Harmoni
2 dikt av Juvvá Pittja	x		Stadtap
Utdrag frå Sáve Sápmi	x		
Andromeda	x		'Ein utpost i kongeriket Noreg, der ingen normale menneske set sine føter'
Utdrag frå Alt jeg skylder deg er juling		x	

Norsk 10	Ruralt motiv	Urbant motiv	Kommentar
'Faderen'	x		Bondeforteljing
Utdrag frå Hør her'à,		x	Utdraget handlar spesifikt om kjønnsidentitet, men i lys av stad, nasjonalitet, etnisitet og klasse: '... det hadde vært bedre hvis Ali hadde hett Ole, og levd på Ullevål Hageby med ekte potetforeldre'
'Karens jul'		x	Den ugjestmilde byen
Utdrag frå De som ikke finnes			Utdraget handlar mellom anna om det å vere stadlaus eller heimlaus
Utdrag frå Persepolis		x	Å vere heimefrå, men finne seg sjølv i det framande.
Utdrag frå Victoria		x	

<b>Fabel 10</b>	<b>Ruralt motiv</b>	<b>Urbant motiv</b>	<b>Kommentar</b>
Utdrag frå Sonen	x		
Utdrag frå Sjur Gabriel	x		
Brev frå kolonien	x		Satire
Regn (?)		x	
Epilog, s. 394	x		Harmoni. Nærleik til staden

## Referansar

- Andersen, P. T. (2016). *Fortelling og følelse. En studie i affektiv narratologi*. Universitetsforlaget.
- Askeland, N. (2021). Metaforar om identitet i samisk litteratur i lærebøker i norsk i åra 1987–2014. I E. Rees, H. Karlsen, M. Brovold & S. Dingstad (Red.), *Minoritetsdiskurser i norsk litteratur*. Universitetsforlaget.
- Bertolino, F. & Perazzone, A. (2021). Paper farms. A content analysis of sixty children's picture-books on farming and the rural environment. I *Verbal and visual strategies in nonfiction picturebooks: Theoretical and analytical approaches* (s. 140–157). Scandinavian University Press.
- Betsas, I., Avgitidou, S. & Tsiompanou, A. (2021). Representations of childhood in Greek language school textbooks: From rural to urban childhood. *Paedagogica Historica: International Journal of the History of Education*, 57(6), 675–694. <https://doi-org.ezproxy.nord.no/10.1080/00309230.2020.1762678>
- Brumo, J. (2024). Bygda som postruralt landskap i Marit Eikemos *Hardanger* (2019). *European Journal of Scandinavian Studies*, 54(2), 230–249. <https://doi.org/10.1515/ejss-2024-2020>
- Buell, L. (2005). *The future of environmental criticism. Environmental crisis and literary imagination*. Malden: Blackwell Publishing.
- Bæck, U. D. (2004). The urban ethos: Locality and youth in north Norway. *YOUNG*, 12(2), 99–115. <https://doi.org/10.1177/1103308804039634>
- Corbett, M. (2010). Backing the right horse: Teacher education, sociocultural analysis and literacy in rural education. *Teaching and Teacher Education*, 26(1), 82–86.
- Greve, A. (2009). *Litteraturens meddelelse: En litteraturvitenskapelig tolkningsmetodikk i teoretisk, praktisk og skeptisk lys*. [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Tromsø.
- Hverven, S. (2024). *Hegel. En ganske enkel bok om en vanskelig filosof*. Dreyer.
- Johansen, M. B. (2015). «Jeg har forstået den sådan, at den ikke skal forstås»—når 6. A. læser Franz Kafka. *Acta Didactica Norge*, 9(1).
- Johansen, M. B. (2019). *Litteratur og dannelse – at lade sig berige af noget andet end sig selv*. Akademisk Forlag.
- Kjelen, H. & Moen, A.-H. (2024). Eldre litteratur i ungdomsskolen: Kva og korleis? I M. L. R. Tverbakk & T. Sommervold (Red.), *Tekster og lesere: Et nærmere blikk på ungdomstrinnet* (s. 71–87). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa350204>
- Lødding, B. & Paulgaard, G. (2019). Spørsmål om tid og sted: Mulighetsrom og kvalifiseringsbaner blant ungdom utenfor videregående opplæring i Finnmark. *Nordic Journal of Comparative and International Education (NJCIE)*, 3(3), 75–90.
- Løvlie, L. (1999). Hegels dannelsesbegrep – noen synspunkter. I Ø. Andersen (Red.), *Dannelse Humanitas Paideia*. Syress forlag.
- Moslet, I. (2009). Norskklærer. I J. Smidt (Red.), *Norskdidaktikk–ei grunnbok*. Universitetsforlaget.
- Myren-Svelstad, P. E. (2020). Det affektive møtet mellom tekst og lesar: Tre postkritiske inn-gangar til å velja skjønnlitteratur i morsmålsfaget. *Acta Didactica Norden*, 14(3).
- Nussbaum, M. (1995). *Poetic justice. The literary imagination and public life*. Beacon Press.
- Nussbaum, M. (1997). *Cultivating humanity. A classical defence of reform in liberal education*. Harvard University Press.

- Nussbaum, M. (2016). Den narrative forestillingsevne. I *Litteraturens etikk*. Pax.
- Penne, S. (2012). «Når delen erstatter helheten. Litterære utdrag og norskfagets lærebøker». I R. Solheim, D. Sjøhelle & S. Matre (Red.), *Teorier om tekst i møte med skolens lese- og skrivepraksiser* (s. 163–174). Universitetsforlaget.
- Piatti, B., Bär, H. R., Reuschel, A. K., Hurni, L. & Cartwright, W. (2009). Mapping literature: Towards a geography of fiction. I *Cartography and art* (s. 1–16). Springer.
- Rosa, H. (2024a). Resonansbegrepet, dynamisk stabilisering og tilgjengelighetstilmærmingen til det gode liv. I *Akselerasjon og resonans: artikler om livet i senmoderniteten* (1. utg., Bd. 86). Cappelen Damm akademisk.
- Rosa, H. (2024b). Sosial akselerasjon: Ethiske og politiske konsekvenser av et desynkronisert høyhastighetssamfunn. I *Akselerasjon og resonans: artikler om livet i senmoderniteten* (Bd. 86). Cappelen Damm akademisk.
- Rød, D. A. V. & Karlsen Bæck, U. D. (2020). Structural enablements and constraints in the creation and enactment of local content in Norwegian education. *Nordic Journal of Studies in Educational Policy*, 6(3), 219–230.
- Samoilow, T. K. (2021). Et sted å starte: Geografiske utforskninger av litteratur. *Nordlit*, 48, 1–13.
- Støren, K. (2022). Lokalt læreplanarbeid med fagfornyelsen. *Nordisk tidsskrift for utdanning og praksis*, 16(1), 40–58. <https://doi.org/10.23865/up.v16.3070>
- Udir. (2019). *Læreplan i norsk*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06?lang=nob>
- White, S. & Reid, J. A. (2008). Placing teachers? Sustaining rural schooling through place-consciousness in teacher education. *Journal of Research in Rural Education*, 23(7), 1–11.
- Williams, R. (1973). *The country and the city*. Chatto and Windus.
- Öhrberg, A. (2022). *Kvinnor och kvinnlighet i äldre litteratur*. Litteraturbanken. <https://urn.kb.se/resolve?urn=urn:nbn:se:lb-lb99907046-etext>
- Aamotsbakken, B. (2015). En marginalisert litteratur?—representasjon av samiske tekster i norskfaglige læremidler for ungdomstrinnet. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 99(3–4), 282–293.

Del 3

# Nettverk, samarbeid og fjernundervisning i rurale skoler

